

ÅRSMELDING FRÅ LAGSSTYRET 2006

Tillitsvalde:

Lagsstyret 01.01.06–02.03.06:

Leiar	Herman Ranæs	
Varaleiar	Frode Telstø	
AU medlem	Jarl Karlsen	
Varamedlem i AU	Ingebjørg Kvam Meling	
	Oddny Haugrønning	
Folkedanslaget	Martin Tønset	Vara: Hildegunn Plassen
Songlaget	Ingvild Kalland	Vara: Endre Indrehus
Spelmannslaget	Marion Myklebust	Vara: Borger Brekke
Teaterlaget	Morten Eriksrud	Vara: Marit Eriksen
Hyttestyret	Tore Pedersen	Vara: Magnar Sunde
Repr. i Rådet:	Herman Ranæs og Oddny Haugrønning.	

Lagsstyret 02.03.06–31.12.06:

Leiar	Herman Ranæs	
Varaleiar	Frode Telstø	
AU medlem	Jarl Karlsen	
Varamedlem i AU	Hill-Aina Steffenach	
	Trine Merete Sjølyst	
Folkedanslaget	Hildegunn Plassen	Vara: Trine Merete Sjølyst
Songlaget	Endre Indrehus	Vara: Helge Langeland
Spelmannslaget	Jon Tvinnereim	Vara: Borger Brekke
Teaterlaget	Morten Eriksrud	Vara: Marit Eriksen
Hyttestyret	Hill-Aina Steffenach ¹	Vara: Otto Andreas Brustad
Repr. i Rådet	Herman Ranæs og Frode Telstø.	

Utsendingar til årsmøtet i:

Noregs Mållag Herman Ranæs
Noregs Ungdomslag Olav Mogstad, Knut Krogshus og Hildegunn Plassen
Berit Vikhammer er BUL sin representant i rådet for Torshus Folkehøgskole.

Det har vore 6 lagsstyremøte med 28 bokførde saker.

Medlemer i BUL (som har betalt lagspengar for 2006)

31.12.06: 261: 161 vaksne (over 26 år) – 51 unge (15-25 år) – 49 barn (under 15 år)

31.12.05: 259: 168 vaksne (over 26 år) – 40 unge (15-25 år) – 51 barn (under 15 år)

¹ Byrja å fungere i vervet etter at Folkekulturfestivalen var gjennomført.

Laget har desse heiderslagsmedlemene:

Anna «Mokka» Johnsen
Eivind Burheim
Olav Mogstad
Oddveig Lium Vikan
Marit Eriksen

Tilskipingar i hovudlaget:

Søndag 17. mai: Deltaking i folketoget. Herman Ranes bar BUL-fana, og han la ned krans på grava åt V. A.Wexelsen.

Søndag 3. desember: Juleavslutning. Jon Tvinnereim leidde førebuingane og gjennomføringa. Helge Langeland synte fram lysbilete frå Peer Gynt i 2004. Spelmannslaget spelte til dans. Hill-Aina Steffenach vart tildelt prisen «Årets frifant».

Representasjon

Leiaren vart invitert til og deltok på jubileumskonserten, jubileumsmessa og regjeringsmiddagen i samband med kroningsjubileet i juni.

Leiaren vart invitert til Minsk i Kviterussland og deltok på 25-årsjubileet for Njerusj i dagane 18.–22. oktober.

Avtale mellom BUL og Norsk Husflids Venner

Denne avtalen vart sluttforhandla og underskriven i 2006 etter fleire års arbeid. Sjå detaljane i årsmeldinga frå bunadnemnda.

Økonomisk situasjon

Hovudlaget gjekk med kr 103 570 i underskot i 2006, mot budsjettert kr 72 300. Avviket kjem av at ein kunne ta ut berre kr 44 979 i renter frå finansfondet mot kr 90 000 budsjettert. (i rekordåra 2001 og 2002 tok vi ut 170 000 i renter). Renta heldt seg låg heile året og med ei prisstigning på 2,2 % vart det lite å ta ut når verdien av fondet skal oppretthaldast. Det ekstraordinære uttaket frå fondet i jubileumsåret er ei anna årsak til at det blir mindre renter til lagsdrifta. Situasjonen for neste år er noko lysare dersom prognosane for renteauke i 2007 slår til og konsumprisindeksen held seg låg.

Ved årsskiftet 2006/07 vart kontoen i Fokus Bank sagd opp, og ny sparekonto vart opna i Surnadal Sparebank. Størstedelen av innskotet i Klæbu Sparebank vart òg flytt over til Surnadal Sparebank. BUL har framleis ein brukskonto i Klæbu Sparebank.

Branntryggleik i Brattørgata 7

Knut Krogshus arbeider jamt og trutt med denne saka. I 2006 vart kanalsjakta brannisolert etter føresegnene. Elles viser me til årsmeldinga for Sameiget Brattørgata 7.

Folkekulturfestivalen

Utdrag frå rapporten åt Noregs Ungdomslag:

Folkekulturfestivalen 2006 vart gjennomført i Trondheim 5.–9. juli. Vi nytta Trondheim Spektrum, Salem, Nidarosdomen, Trondheim katedralskole, Trøndelag folkemuseum, Munkholmen, BUL-salen og torget i byen.

Folkekulturfestivalen er eit møte mellom medlemer i Noregs Ungdomslag frå heile landet, og det lokale og regionale kulturlivet der festivalen blir lokalisert. Bondeungdomslaget i Nidaros som lokal tilskipar, hadde laga eit festivalprogram som var godt forankra i det rike folkemusikklivet i trøndelagsregionen. Det vart særleg lagt vekt på å presentere lokale profesjonelle krefter innanfor ei allsidig ramme som må omfatta religiøse folketonar, finsk-norsk samarbeid med nyskriven musikk og prisløna orkester innan folkedans. Ungdom i alderen 14–30 år utgjorde ein stor del av festivaldeltakarane då det i framkant av festivalen vart arrangert ei samling for 100 unge folkedansarar frå heile landet; Noregs Ungdomsring. Desse utøvarane fekk ei sentral rolle òg i sjølv festivalen, med eiga framsyning, som kursdeltakarar og dansarar på samdansarenaene og som publikum. Det var eige barneprogram med utflukt til Munkholmen med teaterframsyning og leik, og kurs og leik på Trøndelag folkemuseum, Sverresborg. Festivalen vart gjennomført etter planen med berre nokre mindre programjusteringar.

Festivalen gjekk med eit større underskot enn budsjettet. Dette hang i hovudsak saman med svikt i billettinntekter på somme av arrangementa. Det totale underskotet vart på kr 126 781.

Merknader til «Planar for 2006»

BUL skal setja i gang arbeidet med å selja seg ut frå dei noverande lokala i Sameiget Brattørgata 7, og leiga andre møte- og kontorlokale i nærleiken av Søndre gate 22 B. Dette er ein evt. fyrste lekk i eit større prosjekt på å skaffa BUL betre økonomi.

Lagsstyret har sett i gang arbeid med å finne kontorlokale i Midtbyen som er betre eigna (og mindre i areal) enn dei noverande i Brattørgata 7. Morten Eriksrud har teke på seg å arbeide med saka, men enno har det ikkje kome noko resultat.

Etter avtalen som gjekk ut 31.12.2005 disponerer Trønderlaget, Nidaros Mållag og Sør-Trøndelag Ungdomslag to rom i 4. høgda, men BUL ynskjer å gjera ein ny avtale som inneber at desse laga i staden kan få bruka lagsrommet åt BUL nokre dagar kvar månad.

Det har vore fleire rundar mellom lagsstyret og dei aktuelle brukarane om ein avtaletekst som skal etterfylgje den som gjekk ut i 2005, men enno er den nye avtalen ikkje underskriven. Det har mellom anna vore usemje om bruksfrekvens for lagsrommet og fordeling av fellesutgifter. (Det var kontaktmøte mellom laga den 31. januar 2007, der ein endeleg avtaletekst vart utforma. Avtalen er no send over til alle laga for endeleg vedtak.)

I 2000 tok hotellet i bruk ei ny fløy av hotellet. Det førte til auka utgifter til oppvarming og høgare offentlege avgifter. BUL sin del av fellesutgiftene i Søndre gate 22 B har ikkje vorte justerte i høve til dei auka utgiftene. Ei nemnd skal arbeida for å forhandla fram ny kontrakt, og for å få betalt attende det som BUL meiner er betalt for mykje frå 2000 og fram til i dag. I dag sit Frode Telstø og Inga E. Bruteig i denne nemnda.

Nemnda skreiv eit brev til Olav Thon Gruppen, eigaren av Søndre gate 22 B, der BUL kravde eit møte for å sjå nærare på fordelinga av fellesutgiftene i bygningen, og for å få omforhandla kontrakten. Det har teke lang tid å få motparten i tale, men i desember kom vi i kontakt med eigedomssjefen i Olav Thon Gruppen, og fekk forståing for synspunkta våre. Det er avtalt å ha meir kontakt med huseigaren vidare frametter.

Planar for 2007

BUL skal halde fram arbeidet med å finne fram til ei rettviss fordeling av felleskostnadene i Søndre gate 22 B, og evt. få ført attende ein del av dei store innbetalingane som BUL har gjort dei siste åra.

BUL skal halde fram arbeidet med å finne nye møte- og kontorlokale i nærleiken av Søndre gate 22 B, lokale som er betre eigna enn dei noverande i Brattørgata 7.

BUL skal setja i gang ein prosess med tanke på å få freda lagssalen i Søndre gate 22 B.